



Referat frå styremøte 24.04.23

Hjelmeland

Hos Kirsten Langvik på Hjelmeland

Til stades: Liv Inger Mæland, Kirsti Flatø, Janneke Wijgergangs,
Kirsten Langvik, Magrete Tytlandsvik,ref.

Sak 1. Ubetalte kontingentar

Liv Inger sender SMS til medlemmene som ikkje har betalt, som ei påminning. Viktig at dei som ikkje lenger vil vera medlem, melder seg ut.

Sak 2. Matdag på Hjelmeland ungdomsskule

Bygdekvinner stiller opp på same måte som på Årdal skule, med steiking av laks mm. Liv Inger, Kirsti, Vigdis, Ingunn K. og Grete M. stiller opp. Det er bestilt 6 stk. forkle frå NBK til laget.

Sak 3. Tur saman med Sogelaget til Suldal

09.09.23, dagstur med buss frå Nesvik til Røynevarden og Kolbeinstveit m/omvisning frå Ryfylkemuseet. Middag på Energihotellet på Nesflaten. Me vil føreslå stopp på Litlehamar kunst og gardsbutikk og på Nesflaten, All verdas gåver og bruksting. Fair trade import.

Sak 4. Ope møte arrangert av Bygdekvinnelaga i Suldal

03.10.23 på Suldal kulturhus på Sand. Margit Dale held føredrag om matsikkerheit. Det vert sendt ut plakat når denne er ferdig.

Sak 5. Økonomi

Laget har god økonomi. Me har fått generell driftstøtte frå Hjelmeland kommune på Kr. 10 000,- og kr. 8000,- til buss på Familiedagen 4. juni på Fossane. Janneke set opp inntekter og utgifter for kvart arrangement.

Sak 6. Evt. kurs i fletting av sete til Jærstolen

Kirsten undersøker med Njål Hetlelid om korleis me kan laga eit slikt kurs.

Sak 7. Husk Norges bygdekvinnelag sitt Inspirasjonsseminar i Stavanger 10 – 12. 11.23

Me kjem tilbake med meir informasjon. Hbk. vil betala avgifta for 4 medlemmer, reisa må ein betala sjølv. Så gi melding om du har lyst til å delta.

Sak 8. Årsmøte 01.11.23 på Spinneriet.

Margrete spør Jorunn Eriksen og Hilde Thomsen om dei kan dela sine tankar og opplevingar med å ha busett seg i Hjelmeland i vaksen alder etter å ha levd mange år i bynære strøk.

Sak 8. Julemøte 13.12.23

Det er Hjelmeland krets m/omegn sin tur til å arrangera dette. Kirsten har ansvar for å setja prosessen i gang.

Sak 9. Andre arrangement

1-3-09.23 er det Ryfest. Heidi Netland Berge er tilsett som festivalsjef. 21.10.23 er det Fister bygdedag.

Margrete kjøper inn meir eingongstallerkar og bestikk.
Neste styremøte blir tysdag 29. august kl. 19.00 på Fister hos Margrete